



TYSVÆR KOMMUNE

Forvaltning

Dato: 24.08.2020

Vår arkivsakID: 20/10236

Deres referanse:

Saksbehandler: Evy Helland

Arkitektfirmaet Knut Kolstø AS
Eikeskogvegen 22

5570 AKSDAL

Delegasjonssaknr. 452/20

Vedtak om dispensasjon - Tilbygg til fritidsbustad - gnr. 99 bnr. 54 - Skjoldastraumsvegen 590

Tiltak: Tilbygg til fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 99/54 Skjoldastraumsvegen 590
Tiltakshavar: Anne Tveit Knutsen
Ansvarleg søkjar: Arkitektfirmaet Knut Kolstø AS

Vedtak:

Forvaltningsleiar gjev dispensasjon frå kommuneplanen sine føresegner og pbl. § 1-8, samt byggjeløyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustad på gnr. 99 bnr. 54 i høve reviderte teikningar.

Lovgrunnlaget

Plan- og bygningslova § 19-2.

Informasjon om saka

Tiltakshavar søkte i oktober 2019 om å få oppføra tilbygg til fritidsbustad. Fritidsbustaden er opprinneleg 54 m² BYA og dei ynskte eit tilbygg på 47 m² BYA. Samla areal vart 101 m² BYA. I politisk sak 12/20 fekk dei avslag på søknaden, hovudsakleg på grunn av storleiken. Dei klaga på avslaget og reduserte samtidig tilbygget til 21,6 m² BYA slik at samla BYA på fritidsbustaden vart 75,4 m². Dei fekk medhald i klaga/endringsøknaden og det vart gjeve foreløpig vedtak om dispensasjon i delegasjonssak 70/20 den 25.02.2020.

Saka vart så sendt til fylkesmannen og fylkeskommunen til uttale.

Nabovarsling

Det er gjennomført nabovarsling i samsvar med reglane i pbl. § 21-3. Ingen merknader er registrerte i saka.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen er einig i kommunen si vurdering gjort i klagesaka, etter reviderte teikningar, og har ingen vesentlege merknadar til at det vert gjeve dispensasjon.

Utsleppsløyve

I delegasjonssak 70/20 vart det presisert at endeleg vedtak i saka ikkje kunne fattast før det var gjeve løyve til utslepp.

Den 12.08.2020 vart det gjeve løyve til utslepp i delegasjonssak 423/20, endeleg vedtak kan difor fattast.

Samla vurdering

Då fylkesmannen ikkje har merknadar til at det vert gjeve dispensasjon og utsleppsløyve er gjeve har forvaltningsleiar kome fram til at det kan fattast endeleg vedtak om dispensasjon frå kommuneplanen sin føresegner og pbl § 1-8 til oppføring av tilbygg til fritidsbustad, samt gje byggjeløyve for tiltaket.

Gebyr vart sendt ut i høve vedtak i klagesaka, det vert difor ikkje sendt ut gebyr i høve endeleg vedtak.

Det er Forvaltning som har behandla saka, jf. kommunelova §23.4.

Det er eit administrativt vedtak, fatta etter gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Bjørg Tone Vikshåland
Leiar Forvaltning

Evy Helland
Rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi til

Birgitte Kihle			
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59 Sentrum	4001	STAVANGER
Karmsund Havn IKS	Postboks 186	5501	HAUGESUND
Rogaland Fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	Stavanger

Vedlegg

Avslag på søknad om tilbygg til fritidsbustad

Fråsegn frå fylkesmannen

Klage - revidert søknad

Klage på avslag - delegasjonssak

Revidert situasjonskart

Revidert teikning 1

Revidert teikning 2

Revidert teikning 3

Revidert teikning 4

Vedtak om tiltak - Utslipp fritidsbolig - gnr. 99 bnr. 54 - Skjoldastraumsvegen 590 (L)(16530)

Mottakarar

Anne Tveit Knutsen	Statsm Michelsens V 65 A	5230	PARADIS
Sigurd Knutsen	Statsm Michelsens V 65 A	5230	PARADIS

Klagerett

Søknaden din er avgjort etter fullmakt, og du kan klaga på Tysvær kommune sitt vedtak. Klage må vera send innan tre veker etter at du fekk dette brevet.

Eventuell klage sender du på e-post eller brev til kommunen.

Klagerett	Du har rett til å klaga på vedtaket (forvaltningslova §27 3. ledd).
Klageinstans	I dei fleste sakene er det Fylkesmannen som er klageinstans. I nokre saker er det formannskapet eller kommunestyret i Tysvær som er klageinstans.
Kven kan du klaga til?	Klagen sender du til Tysvær kommune. Dersom vedtaket vårt ikkje vert endra som følge av klagen, sender me klagen til klageinstansen for endeleg avgjerd.
Klagefrist	Klagefristen er tre veker frå den dagen du fekk dette brevet. Det er nok at klagen er postlagd før fristen går ut. Dersom du klagar så seint at det kan vera uklart for oss om du har klaga i rett tid, bør du opplysa om datoen for når du fekk brevet. <i>Dersom du klagar for seint, kan me sjå bort frå klagen.</i> Du kan søkja om å få lengre klagefrist. Dette må då grunngjevast.
Innhald i klagen	Du må opplysa om kva for eit vedtak du klagar på, grunn til at du klagar, dei endringane du ynskjer, og eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seia for vår vurdering av klagen. Klagen må vera underskriven.
Utsetting av gjennomføringa av vedtaket	Sjølv om du har klagerett, td. på eit løyve, kan dette vanlegvis setjast i verk med det same. Du kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klagen er avgjort.
Rett til å sjå dokumenta og til å krevja rettleiing	Med visse unntak har du rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §§18 og 19 i forvaltningslova. Ta i tilfelle kontakt med oss, så vil me gje nærare rettleiing om retten til å klaga, om framgangsmåten og om saksgongen elles.
Kostnadane med klagesaka	Det er høve til å krevja dekking for ekstra kostnader i samband med klagesaka, til dømes til advokathjelp. Dersom vedtaket vert endra til din fordel, kan du ha krav på å få dekt større kostnader som har vore nausynte for å få endra vedtaket. Dersom det trengs, vil klageinstansen orientera deg om retten til å krevja slik dekking av sakskostnader. Eventuelt krav om dekking av sakskostnader må vera fremja innan tre veker etter at det nye vedtaket vart gjort kjent for deg.
Klage til sivilombodsmannen	Dersom du meiner du har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan du klaga til Sivilombodsmannen. Sivilombodsmannen kan ikkje endra vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har behandla saka, og om det er gjort feil eller noko er forsømt. Dette gjeld ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Då kan du ikkje seinare få saka di inn for Sivilombodsmannen.